



Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

Oslo 27. nov. 2020

## Høyring - Forslag til endringer i fagskulelova og fagskuleforskrifta

Vi viser til høyringsbrev datert 26. august 2020 – referansenr. 20/4032-1.

Norske Naturterapeuters Hovedorganisasjon (NNH) sitt hovudfokus sidan etableringa i 1994 har vore pasienttryggleik og fagleg utvikling av god kvalitet. Organisasjonen organiserer yrkesutøvarar innan ulike naturmedisinske terapifag – sjå lenke <https://nnh.no/portal/terapiar/> Medlemskap blir vurdert av eigen godkjenningsskomité som baserer sitt arbeid på vedtekne fagkrav. Medlemmene pliktar å etterleva organisasjonen sine vedtekter og yrkesetiske retningslinjer.

Organisasjonen har utarbeida mange plandokument som dannar grunnlaget for dette arbeidet:

- Utdanningsdokument <https://nnh.no/wp-content/uploads/2017/04/NNHs-utdanningsdokument.pdf>
- Strategisk handlingsplan <https://nnh.no/wp-content/uploads/2017/04/Strategisk-handlingsplan-2020-2024.pdf>
- Yrkesetiske retningslinjer <https://nnh.no/wp-content/uploads/1990/01/Yrkesetiske-retningslinjer-NNH.pdf>

I tillegg til desse, er det utarbeida fleire detaljerte retningslinjer for utdanning innan ulike naturmedisinske fag. Dei siste er utarbeida i samsvar med Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring (NKR). Fagretningslinjene definerer kompetanse- og kunnskapsgrunnlaget i dei ulike faga.

### Allmenndannande fag

Alle som blir terapeutmedlem, må ha godkjent utdanning i tre allmenndannande fag: grunnmedisin (anatomi, fysiologi, patologi osv), VEKS-fag og Naturmedisinsk grunnutdanning <https://nnh.no/nnh-utdanningspolitikk/> I tillegg kjem utdanning i terapifaga dei søker godkjenning i.

### Samarbeid undervisningsinstitusjonar

NNH har eigen akkrediteringsprosedyre når det gjeld studieplanar i høve dei krava organisasjonen stillar i kvart fag. Berre dei utdanningsinstitusjonane som tilfredsstillar våre krav blir godkjent. Dei får då høve til å bruka dette i si marknadsføring.

Organisasjonen og utdanningsinstitusjonane har eit godt samarbeid når det gjeld fagleg oppdatering. For nokre år sidan blei det etablert ein digital Kurskalender som også blir publisert gjennom våre nyhendebrev og i vårt fagtidsskrift Naturterapeuten.

<https://nnh.no/portal/kurskalender/>

### Sjølvsendig næringsdrivande

Dei aller fleste av våre godkjende terapeutmedlemmer, er sjølvsendig næringsdrivande i eigen praksis. Nokre har også bedriftsavgiftar.

### Fagskule

To av våre samarbeidande utdanningsinstitusjonar har fagskulegodkjende utdanningar: Tunsberg medisinske skole i biopati og Institutt for helhetsmedisin i soneterapi.

NNH vurderer akkreditering av studiar innanfor fagskulelova, som eit viktig steg mot auka profesjonalisering av sektoren. Sidan ressurstilgangen når det gjeld forskingskompetanse er avgrensa i mange naturterapeutiske fag, er fagskulenivået førebels eit godt alternativ.

### **Forslag til endringar i lov og forskrifter**

Noko av ordlyden i forslag til endring av lova og forskrifta bekymrar NNH, sidan omgrepa som er nytta er lite presise og gjev rom for ei tolkingsmakt som kan vera uforsvarleg. Me tenkjer her spesielt på omgrep som:

- *om kunnskapsgrunnlaget er forsvarlig*
- *at kunnskapsgrunnlaget ikke kan være i strid med vitenskapelige fakta*

### Forsvarleg kunnskapsgrunnlag

Basis kunnskapsgrunnlag for dei fleste naturmedisinske terapifag har lange historiske røter som er overført frå ein generasjon til ein annan i ulike former. I tillegg kjem ny forskning og utvikling som kompletterer og underbyggjer kunnskapstradisjonen. Denne medisinske tradisjonen er implementert ulikt verda over. Verdas helseorganisasjon sitt dokument WHO Traditional Medicine Strategy [https://apps.who.int/iris/bitstream/handle/10665/92455/9789241506090\\_eng.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://apps.who.int/iris/bitstream/handle/10665/92455/9789241506090_eng.pdf?sequence=1&isAllowed=y) er meint som eit verktøy for medlemslanda i høve både regulering, utdanning og forskning. Mange land har etablert utdanningar på høgt akademisk nivå og med ulike former for regulering.

World Naturopathic Federation – som NNH er assosiert medlem av – har utarbeida dokument som omhandlar både naturmedisinske prinsipp, terminologi og regulering.

<http://worldnaturopathicfederation.org/about-naturopathy/#principle>

[http://worldnaturopathicfederation.org/wp-content/uploads/2019/08/WNF\\_Terminology\\_Document\\_final-Aug-2019.pdf](http://worldnaturopathicfederation.org/wp-content/uploads/2019/08/WNF_Terminology_Document_final-Aug-2019.pdf)

I dette dokumentet blir det gitt ei oversikt og forklaring når det gjeld terminologi som blir nytta innan ulike terapiformer.

[http://worldnaturopathicfederation.org/wp-content/uploads/2019/11/Global-Naturopathic-Regulation\\_Nov-2019.pdf](http://worldnaturopathicfederation.org/wp-content/uploads/2019/11/Global-Naturopathic-Regulation_Nov-2019.pdf)

### Vitskaplege fakta

Vitskaplege fakta er eit omgrep som kan vera problematisk, spesielt i høve terapeutisk og medisinsk verksemd. Mykje innanfor både offisiell medisin og naturmedisin/alternativ behandling er basert på kliniske erfaringar og ekspertvurderingar - utan at det føreligg gode nok vitskaplege forklaringar eller evidens på kvifor dei ser ut til å ha effekt.

<https://ebm.bmj.com/content/22/3/88>

[https://www.jclinepi.com/article/S0895-4356\(20\)30777-](https://www.jclinepi.com/article/S0895-4356(20)30777-0/fulltext?fbclid=IwAR0f71JDdWVcs7U4tSEghTFs3ZAfa-thDBISA32Wxp_M5um0CNHgi5tt89I)

[0/fulltext?fbclid=IwAR0f71JDdWVcs7U4tSEghTFs3ZAfa-thDBISA32Wxp\\_M5um0CNHgi5tt89I](https://www.jclinepi.com/article/S0895-4356(20)30777-0/fulltext?fbclid=IwAR0f71JDdWVcs7U4tSEghTFs3ZAfa-thDBISA32Wxp_M5um0CNHgi5tt89I)

Om NOKUT skal få tildelt tolkingsmandat om at til dømes soneterapi, akupunktur og homøopati ikkje er innanfor det som dei vurderer som vitskaplege fakta – vil dei koma inn i eit område som er utfordrande å navigera i som grunnlag for å fatta konsistente vedtak om løyve til akkreditering eller ikkje.

### Artikkelen – Helbredende nytenking

<https://www.aftenposten.no/meninger/kronikk/i/M34Xm/helbredende-nytenkning> – illustrerer på ein god måte kor komplekst både sjukdomsutvikling og helingsprosessar kan vera. Forfattarane meiner også at det er god støtte i moderne forskning om at heling ikkje berre er knyta til biokjemisk/invasive intervensjonar, men at dette kan skje i mange kontekstuelle former.

*«Om det er noe som kjennetegner legekunst – for ikke å si den gode healer – er det evnen til å «se» et menneskes særpregede eksistensielle behov, og å støtte dets søken etter meningsfulle, bærende tiltak.*

*Nyeste kunnskap fra fagfeltet psyko-nevro-endokrino-immunologi gir grunn til å anta at det ikke er et spørsmål om healing kan skje, men snarere under hvilke forutsetninger og hvor dyptvirkende.»*  
Forfattarane av artikkel er leiande innan norsk samfunnsmedisin og andre akademiske disiplinar.

### **Pasienttryggleik**

NNH meiner at godkjende fagskulestudiar vil vera ein viktig faktor i samband med styrking av pasienttryggleiken og forbrukarrettar. Organisasjonen har gjennom mange år, både overfor helseforvaltning og politisk nivå, arbeida for at det skal innførast kompetansekrav knyta til Registeret for utøvarar av alternativ behandling <https://www.brreg.no/om-oss/oppgavene-vare/alle-registrene-vare/om-registeret-for-utovarar-av-alternativ-behandling/>

Aktuelle basisfag vil her vera offentleg akseptert kunnskapstema som anatomi, fysiologi, patologi osb. - og VEKS-fag.

### **Konklusjon**

NNH meiner at fagskulelova med forskifter må ta høgde for at det i samfunnet eksisterer ulike kunnskapskulturar innan ulike fag som ikkje alltid samsvarar med den offentlege. Så lenge ikkje slike strir mot fundamentale og allmenne etiske prinsipp, bør dei kunne få ein plass i fagskulesystemet. Undersøkinga ved NAFKAM viser også at brukaromfanget når det gjeld naturterapi og alternativ behandling er betydeleg. Dette tilseier at det pr. i dag og i framtida vil vera eit stort behov for godt utdanna fagpersonell som kan utøva sitt yrke på ein profesjonell og etisk forsvarleg måte.

Med helsing  
John Petter Lindeland  
Styreleiar NNH

Lidia Ivanova Myhre  
Generalsekretær